

Saksprotokoll

Organ: Hovudutval for opplæring

Møtedato: 29.03.2017

Sak nr.: 17/3178-2

Internt l.nr. 13180/17

Sak: 6/17

Tittel: **Budsjett 2018 og økonomiplan 2018-2021 -
opplæringssektoren**

Behandling:

Frå fylkesdirektøren låg det føre slik tilråding til vedtak:

- 1 Hovudutval for opplæring sluttar seg til fylkesdirektøren si vurdering at ein må kome attende til innslagstidspunktet for det uspesifiserte innsparingskravet for opplæringssektoren.
- 2 Fylkesdirektøren arbeider vidare med å konkretisere aktuelle investeringstiltak i opplæringssektoren.

Endringsframlegg:

Arbeiderpartiet kom med følgjande endringsframlegg:

Nytt punkt 3.

Hovudutval for opplæring viser til at opplæringssektoren har urealiserte innsparingskrav tilsvarande kr 6 mill. årleg frå 2019. I tillegg er det varsla at sektoren også må ta høgde for at ein ikkje kjem i mål med vedteken innsparing knytt til bortteljing av timar (arbeidsdokument 1/17).

Hovudutval for opplæring viser til vedtak i sak 13/16. Hovudutval for opplæring står fast på at dersom ein vedtek ytterlegare kutt utover dei som alt er gjort, vil det ikkje være mogleg å oppretthalde kvaliteten på opplæringa.

Avrøysting:

Innstillinga frå fylkesdirektøren og endringsframlegget frå Arbeiderpartiet vart samrøystes vedteke.

Dette gir følgjande endeleg vedtak:

- 1 Hovudutval for opplæring sluttar seg til fylkesdirektøren si vurdering at ein må kome attende til innslagstidspunktet for det uspesifiserte innsparingskravet for opplæringssektoren.
- 2 Fylkesdirektøren arbeider vidare med å konkretisere aktuelle investeringstiltak i opplæringssektoren.

- 3 Hovudutval for opplæring viser til at opplæringssektoren har urealiserte innsparingskrav tilsvarande kr 6 mill. årleg frå 2019. I tillegg er det varsla at sektoren også må ta høgde for at ein ikkje kjem i mål med vedteken innsparing knytt til bortteljing av timar (arbeidsdokument 1/17).

Hovudutval for opplæring viser til vedtak i sak 13/16. Hovudutval for opplæring står fast på at dersom ein vedtek ytterlegare kutt utover dei som alt er gjort, vil det ikkje være mogleg å oppretthalde kvaliteten på opplæringa.